



Hordaland fylkeskommune Eigedomsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/680 - 19/11752

Saksbehandlar:

Silje Haukedal

silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:

14.08.2019

## Mellombels dispensasjon og løyve til oppføring av sjåførtoalett i 2 år - gbnr 17/109 - Rossnes fergekai

Delegasjonssak nr.: 216/2019

**Administrativt vedtak. Saknr: 216/2019**

**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak


Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon og løyve til etablering av sjåførtoalett i inntil 2 år med bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 8m<sup>2</sup>

Saka omfattar søknad om mellombels dispensasjon frå arealføremålet LNF i Kommuneplan for Radøy 2011-2023 og byggegrense mot sjø og veg i reguleringsplanen.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.05.2019.

### Planstatus

Arealet ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Rossnes er definert som veg, fergekai.



I kommuneplan for Radøy 2011-2023 er arealet vist som LNF-område.

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



Reguleringsplanen er videreført i kommuneplan for Radøy revidert i 2019, men med endringar/suppleringar som følgjer av føresegna pkt. 4.12. Plankarta i reguleringsplanen gjeld fortsatt.

Arealet er dermed regulert til veg/fergekai. Bygningsstyresmakta vurderer at sjåførtoalett er eit mindre tiltak som er i tråd med føremålet.

Videre følgjer det av føresegna til kommuneplanen pkt. 4.12.2 at byggegrense i kommuneplanen gjeld med mindre anna grense kjem fram av reguleringsplanen. For Rossnes kai følgjer det byggegrense av reguleringsplanen. Tiltaket krev dermed dispensasjon frå byggegrense til veg i reguleringsplanen.

#### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrense i reguleringsplanen.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

- 1: Søknad om dispensasjon frå krav til avstand til sjø, strandsone, for å parkere toalettvogn i to år.**
- 2: Søknad om dispensasjon frå reglar om avstand til vegmidte, Fylkesveg 409  
Sendes Statens vegvesen i dag, saman med søknad om å få nytte grunnen.**

#### **3: Redegjørelse for tiltaket:**

1. bygget står på hjul, vedlegg E – 1 viser planteikning og plassering vises på vedlegg situasjonskart D – 1.
2. Vi søker om fritak for nabovarsling generelt, da dette er midlertidig for to år
3. Vognene fra Ampro har godkjennung og sertifisering som er ok til formålet.

Vi søker om fritak for nabovarsling. Vårt tiltak vil ikkje vere til hinder for ferdsel eller anna verksemد i området.

LNRF er formålet i arealdel til kommuneplanen.

Vi er takksam for rask sakshandsaming då vi gjerne vil betre arbeidstilhøva for bussjaførane i Nordhordland.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn slik uttale frå Statens vegvesen den 23.07.2019:


Statens vegvesen har ikkje merknad til omsøkte tiltak eller plassering vist i situasjonsplan mottatt 13.06.2019.

### Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan revidert 13.06.2019.



### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser ikkje terregendringar.

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### VURDERING:

#### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det aktuelle arealet er opparbeid til vegføremål i dag. Omsyna bak byggegrensen til veg er i hovudsak trafikktryggleik, drift og vedlikehald av vegen og arealbehov ved eventuell utbetring.

Statens vegvesen har ikkje merknad til tiltaket og bygningsstyresmakta ligg dermed til grunn at omsyna som byggegrense til veg skal ivareta ikkje vert råka av tiltaket.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at arbeidstilhøva for bussjåførar i nordhordland vert betra ved tiltaket. Kommunen finn ikkje at det er nemneverdige ulemper ved tiltaket.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje mellombels dispensasjon er oppfylt.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av situasjonsplan revidert 13.06.2019.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå byggegrense i reguleringsplan for etablering av sjåførtoalett i 2 år på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.06.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Dispensasjon og løyve gjeld til 14.08.2021.

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve mellombels løyve til etablering av sjåførtoalett i inntil 2 år.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/680.

#### **Ansvaret**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyremakta.

#### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.2	Dispensasjons som gjeld arealføremål i plan	1	10 300,-
10.3.1	Basisgebyr midlertidige bygninger	1	6 700,-
	Totalt gebyr å betala		17 000,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

#### **Klage på gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Silje Haukedal

konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal

leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakere:**

Hordaland fylkeskommune  
Eigedomsavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN